

Glepptak

Eg øver på å slenge meg
frå grein til grein
Halde og sleppe
Sikte og fange
i rette augeblinken
Krumme fingrane kjapt kring greina
Kjenne borken mot huda i eit fast tak

Brått knekk det i ei grein
Armane fektar
Fötene sprellar
Eg fell gjennom bjørka
Greinene skrapar mot ryggen
som om dei vil halde meg att

Men eg stuper
som ein rovfugl
gjennom lauvet
Og alt er grønt
Og alt er gult
Og alt er raudt
Og alt er svart

Overrasking

Vi har funne ut
seier mor
Du skal få
seier far
Ein hund
seier mor
Så held du deg på bakken
seier far

Men eg sprett og bykser
Opp og ned
Ned og opp
Føtene rører mest ikkje bakken
heile dagen

God ven

Ein varm snute i handflata
Ein stille logrande hale
Og så er eg ikkje trist lenger

Poteskrift

Ein morgen
ligg det kvitt

Hunden min
har aldri sett snø før
Han bykser og bjeffar
Tassar og tullar

Spora hans er så små
og svinsete i nysnøen
Mørke avtrykk i det kvite
Han skriv poteskrift
bortover marka

Eg følgjer like bak
og les kvart ord